

## Barne- og familiedepartementet, 20. mai 2021:

### Fastsetting av sats for berekning av statstilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja 2021

Satsen for berekning av statstilskot for 2021 er fastsett til: **1 310 kroner per medlem.**

Tilskotsatsen er fastsett i samsvar med [forskrift om registrering av og tilskot til trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnsforskrifta) § 21, jf. [lov om trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnslova) § 23 første ledd.

Det samla tilskotet frå staten og kommunane til Den norske kyrkja i 2021 er berekna til å utgjera **4 647 881 734 kroner**. Beløpet består av ein statleg og ein kommunal del. Den statlege delen utgjer 2 270 723 000 kroner og den kommunale delen 2 377 158 734 kroner.

Den norske kyrkja (Dnk) sitt medlemstal per 1. januar 2021 er **3 546 761**.<sup>1</sup>

#### Statleg del av berekningsgrunnlaget

Den statlege delen av berekningsgrunnlaget kjem fram ved å summera staten sine budsjetterte utgifter til Dnk og eit nettobidrag frå Opplysningsvesenets fond (OVF) til kyrkja, trekt frå utgifter omfatta av trussamfunnslova § 23 første ledd bokstav a til c. Staten sine budsjetterte utgifter følgjer av Stortinget sitt løyvingsvedtak for 2021, medan bidraget frå OVF er basert på fondet sitt rekneskap for 2019.

#### Stortinget sitt løyvingsvedtak

##### 1. Kap. 880 Den norske kyrkja

Kap. 880, jf. <a href="#">Innst. 14 S (2020–2021)</a>	2 365 123 000
- Lønskompensasjon prestane – avvikling av bustadordning	89 710 000
- Tilskot til pensjonspremie <sup>2</sup>	92 290 000
<b>= Berekningsgrunnlag</b>	<b>2 183 123 000</b>

Frådraga i utrekninga ovanfor er gjort i medhald av trussamfunnslova § 23 første ledd bokstav a og b.

Nærare omtale av løyvingane under kapittel 880 er gitt i [Prop. 1 S \(2020–2021\) for Barne- og familiedepartementet](#) s. 150–151.

##### 2. Kap. 882 Kyrkjebygg og gravplassar

Løyvinga på post 61 Tilskot til freda og verneverdige kyrkjebygg, *kan overførast*, som er på 59,3 mill. kroner, er utelaten frå den statlege delen fordi kommunane sine utgifter til

<sup>1</sup> Tilhøyrige og utvandra medlemmer er utelaten, jf. endringar som følgje av trussamfunnslova og trussamfunnsforskrifta som tok til å gjelda frå nyttår.

<sup>2</sup> Tilskotet til Dnk under kap. 880, post 70, skal også nyttast til å dekke pensjonspremie til Statens pensjonskasse (SPK). Pensjonspremien, som omfattar ein ordinær premie og ein endringspremie. Endringspremien dekker aukinga i pensjonsrettar som er oppstått tidlegare år. Nær heile endringspremien gjeld derfor pensjonsrettar oppstått før 1.1.2017, det vil seia då kyrkjeleg tilsette var statstenestemenn, og er av denne grunn halden utanom berekningsgrunnlaget.

kyrkjebygg og -inventar inngår i den kommunale delen av berekningsgrunnlaget, med unntak av meirutgifter til vedlikehald av kyrkjebygg og -inventar som er freda eller verna. Det vises også til trussamfunnslova § 23 første ledd bokstav c.

Av løyvinga på 18,5 mill. kroner under post 70 Tilskot til sentrale tiltak for kyrkjebygg og gravplassar, inngår **12 mill. kroner** i berekningsgrunnlaget. Dei resterande midlane på posten skal gå til allmenne føremål (gravplassforvaltning og undervisning i utforming av gravplassar) og haldast derfor utanom berekningsgrunnlaget.

Nærare omtale av løyvingane under kapittel 882 er gitt i Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet s. 152–153.

### Bidrag frå Opplysningsvesenets fond

OVF sine utgifter blir i sin heilskap dekkja av fondet sine inntekter. Den del av fondet sine utgifter som inneberer bidrag til drifta av Dnk, gjeld i første rekke utgifter til prestebustadane og tilskot til kyrkjeleg verksemd. Summen av bidraga som inngår i berekningsgrunnlaget for tilskotssatsen, er **75,6 mill. kroner**. Dei aktuelle utgiftene er berekna med bakgrunn i OVF sitt rekneskap for 2019, sjå s. 10 i [OVF sin årsrapport for 2019](#).

Nettotilskot til kommunane for å halde prestebustadar	4,9 mill. kroner
Nettoutgifter til vedlikehald av OVF sine prestebustadar <sup>3</sup>	27,3 mill. kroner
IKT-tilskot og subsidierte utlån	17,9 mill. kroner
Tilskot til kyrkja via Kyrkjerådet	25,5 mill. kroner
Sum	<b>75,6 mill. kroner</b>

### Kommunal del av berekningsgrunnlaget

Den kommunale delen av berekningsgrunnlaget kjem fram slik: Kommunane sine samla utgifter ført på funksjon 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn i kommunerekneskapen for 2020, delast på antal tilskotsteljande medlemmer som desse samfunna kravde tilskot for i 2020. Dette gjennomsnittlege tilskotsbeløpet per medlem gongast så med antalet medlemmer og tilhøyrige i Den norske kyrkja i 2020. Beløpet som kjem fram, justerast med forventa løns- og prisvekst i 2021.

Samla utgifter ført på kommunerekneskapen sin funksjon 392 i 2020 <sup>4</sup>	426 687 000 kroner
Antal kommunalt tilskotsteljande medlemmer i 2020 <sup>5</sup>	681 915
Gjennomsnittleg tilskotsbeløp per medlem	626 kroner
Antal medlemmer og tilhøyrige i Dnk 2020 (ekskl. utvandra) <sup>6</sup>	3 683 199
626 x 3 683 199	2 305 682 574 kroner
Justert beløp med forventa løns- og prisvekst på 3,1 % i 2021	<b>2 377 158 734 kroner</b>

<sup>3</sup> I 2019 budde det ein prest frå Dnk i 43 % av OVF sine prestebustadar. Derfor inngår 43 % av nettoutgiftene til vedlikehaldet av OVF sine prestebustadar, som var på 63,5 mill. kroner, i berekningsgrunnlaget.

<sup>4</sup> Overføring til andre, sjå <https://www.ssb.no/statbank/table/12367>.

<sup>5</sup> Antalet er innhenta frå Brønnøysundregistrene og baserer seg på kontrollen av samfunna sine medlemslister i 2020.

<sup>6</sup> Antalet er innhenta frå Dnk i samband med fastsettinga av den statlege tilskotssatsen for 2020.